

Hordaland Fylkeskommune

11 APR 2014



Hordaland Fylkeskommune  
Samferdselsavdelinga  
5020 BERGEN

**ULVIK HERAD**  
5730 ULVIK

Dykkar ref.:

Vår ref.:

12/565-6/K2-N02/RME

Direkte innval:

56527018

Stad/Dato:

10.04.2014

## **SÆRUTSKRIFT: Kollektivstrategi for Hordaland**

**09.04.2014 Heradsstyret**


### **HST-011/14 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Ulvik herad vil i hovudsak støtta den framlagde strategien for kollektivtrafikken i Hordaland. Heradet er samd i måla om nullvekst i privatbilismen, og at kollektivtransporten må stå for trafikkveksten. Alt av omsyn til å sikra eit funksjonelt samfunn med god mobilitet, og for å nå måla om betre klima og miljø. Dette er gode målsettingar for framtida.

Ulvik herad saknar likevel meir fokus på distrikta sine behov i kollektivtrafikken. Me vil peika på fylgjande aspekt som me ber Hordaland Fylkeskommune leggja vekt på i handsaminga av strategien:

- Kollektivbrukarane må sikrast eit godt rutetilbod ut over den lovpålagde «skuleskyssen». Me treng eit kollektivtilbod som er tilgjengeleg heile året, også av omsyn til turismen i sommarmånadane.
- Kollektivbrukarane må sikrast eit heilskapleg kollektivtilbod. Det er difor viktig med god korrespondanse mellom buss og tog, slik at tilbodet vert funksjonelt. Ein må pårekna større mobilitet mellom distrikt og sentrum i framtida. Dette må kollektivstrategien ta høgde for. Eit funksjonelt parkeringstilbod (i trafikk-knutepunkta) er viktig for dei som pendlar over lengre avstandar t.d. Ulvik-Bergen. Utforming av trafikk-knutepunkt, effektiv køyretid, betre informasjonssystem og moderne billettering må også koma distrikta til gode.
- Ruteskyssen må oppretthaldast på dagens nivå, og ikkje byggjast ned, sjølv om hovudsatsinga i planen er i Bergensområdet. Ulvik/Hardanger vil koma nærare Bergen med raskare togsamband/betre vegar Voss-Bergen
- Betre kommunikasjonar og meir samhandling i Hardanger krev eit godt utbygd kollektivtilbod, på tvers av kommunegrensene for heile regionen.
- For Ulvik herad er det viktig at kollektivtilbodet tek omsyn til Hjeltnes Vidaregåande skule og andre arbeidsplassar, og at det mogleggjer dag- og vekependling frå regionssentra og nabokommunane.

Med helsing



Reidar Meel  
assisterande rådmann